



Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 26.11.2015
Vår ref.: 2015/2151-95
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.:

Kulturdepartementet - oversending av klagesak Lokale kulturygg 2015

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Kultur- og ressursutvalet, fatta den 20.08.2015, om fordeling av spelemidlar til lokale kulturygg 2015. Etter tildelinga i 2015 er det kome inn klager frå 1 søkjær. Klagen er førebudde av Kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling til ny vurdering jf. Forvaltningslova § 33, 2.ledd. Dersom kultur og ressursutvalet ikkje fattar vedtak om omgjering, vert sakene sende Kultur-departementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinene for tildelinga av desse midlane.

Askøy kommune – Ask menighetshus

Ask menighetshus sökte om tilskot på kr 310 000,- til utbygging og tilrettelegging for universell utforming med handicapotalett. Kostnadssum på kr 930 000,-

I følgje søknaden om spelemidlar vert Kultursalen brukt av barnekor, idrettslag, Fergebordet, konserter og andre kulturarrangement. Og det er oppgitt at det var inga begrensningar i høve kven og kva huset kan brukast til. Ask menighetshus sin kultursal er eit av få samlingspunkt på Ask.

Vurdering i vedtaket var: Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling

Tilråding: Avslag

Ny vurdering:

Ask menighetshus har klag med fyljande grunngjeving: «Grunnen til klagen på vedtaket er at vi ikke kan forstå at det ser ut til å være rikelige midler til idrett, men at vi ikke får noe fordi huset ikke er livssynsnøytralt. I dag er virksomhet i huset svært lite møtepreeget. Hovedbrukerne er barnegospelkoret «Stjernegnisten», Kristen Idrettskontakt og «Fergebordet» som er samler mellom 40 og 50 seniorer to ganger i måneden. Det dreier seg i første rekke om å ha et sted der barn og unge kan samles i et godt miljø og bygdens eldre kan samles til sosiale og kulturelle samvær. Flertallet av dem som slutter opp om Fergebordet har liten tilknytning til kirken, og vi opplever at dette tiltaket er blitt en brobygger i bygden, et sted det folk samles og trives uansett livssyn.»

Når det gjeld rammene for ordninga og fylkeskommunen si fordelinga av spelemidlar til idrett kontra kulturygg, er dette noko som ligg utanfor Hordaland fylkeskommune sitt ansvar.

Avslag på søknad om tilskot til Ask menighetshus er ikkje gjeve fordi tiltaket ikkje er livssynsnøytralt, men på grunn av manglande midlar.

Etter slik vurdering kjem fylkesrådmann til følgjande konklusjon: Klagen vert ikkje teke til fylgje.

Vedtaka vart oppretthalde i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 11. november 2015. Klagen vart difor sendt Kulturdepartementet som neste klageinstans.

Ronny B Skaar
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Hilde Mortvedt